



Rogaland Sau og Geit  
Ryfylkevegen 2708  
4120 TAU

Att. Magne Jakob Bjørheim

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 56 88 11  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Løyve til forlenga skadefelling av jerv i Suldal og Hjelmeland kommunar

Syner til søknad om forlenga periode for skadefelling, sendt 28.02.2013.

**Med heimel i naturmangfaldlova §18, bokstav b og §77, jf forskrift om forvalting av rovvilt §9, gjev Fylkesmannen Rogaland sau- og geit løyve til å forlenge perioden for felling av 1 jerv i Suldal og Hjelmeland kommunar til og med 15. februar 2013. Fellingsforsøket skal gjennomførast av skadefellingslaget i Nord-Rogaland.**

### Bakgrunn

Fylkesmannen gav løyve til skadefelling av 1 jerv i samme område frå 2. – 16. januar i år, og forlenga løyvet til ut januar månad. Fellingsforsøket er basert på utlegging av åte og bruk av viltkamera med GPS på delar av åteplassane. Så langt er det ikkje observert jerv eller spor etter jerv i området. Verneområdestyret i SVR har gitt løyve til bruk av snøskuter og utlegging av åte/åtebu.

Jervhannen med ID-nr 240 blei første gong identifisert i dette fjellområdet (Bykle) i 2007. Sidan den gongen har DNA-analysar av møkkprøvar synt at han har hatt tilhald i heiområdet Suldal, Bykle, Hjelmeland kvart år. Siste gong var vårvinteren 2012. Funn av jervspor blei siste gong stadfesta av SNO ved Storsteinen i september i fjor. Til saman 3 ulike jervhannar er identifisert i dette området sidan 2007. Dei to andre er daude.

I 2012 blei 5 sauer og 39 lam erstatta som tap til jerv i fylket, i 2011 var tilsvarende tal 8 og 51. Til saman er 5 lam stadfesta drepe av jerv i Rogaland i dei to åra. Einskilde saueeigarar har hatt store tap i sine besetningar som kan skuldast jerv, men som etter Fylkesmannen si vurdering av erstatningsforskrifta §8 ikkje har fått erstatning for tapet.

### Forankring av vedtaket

Rettsleg grunnlag for avgjerda er Lov av 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova) §18, bokstav b og §77, jf forskrift av 18. mars 2005 nr 242 (rovviltforskrifta) §9.

Naturmangfaldlova §18 seier mellom anna at ”*Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom...*

*Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte.”*

Rovviltforskrifta §9 ”(Fylkesmannen sin myndighet til å iverksette betinget skadefelling):

*Ved vurdering av om det skal ges tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf forskriften §6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til:*

- a. Områdets betydning som beitemark
- b. Skadenes omfang og utvikling
- c. Potensialet for framtidige skader
- d. Muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak

*Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer samt metoder for felling. Det kan også ges bestemmelser om dekning av påløpte utgifter i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf viltloven §35.”*

Rovviltnemnda i region 1 har vedtatt ei betinga kvote på 6 jervar som kan nyttast av fylkesmennene til vedtak om skadefelling i perioden 1. juni 2012 til 15. februar 2013, jf sak 7/12 dagsett 4. juni 2012. Det er framleis 6 dyr att på denne kvota.

Forvaltingsplanen for rovvilt i region 1 legg vekt på at det ikkje er fastsett bestandsmål for rovpattedyr i regionen, og at felling er viktigaste forebyggande tiltak i ein region der beiteinteressar har prioritet framfor rovvilt. Bestandstatus og overlevingsevne for bestanden skal vurderast før vedtak om felling. Uttak av skadegjerande rovdyr skal primært skje gjennom lisensfelling.

Rovdyrforliket i Stortinget hausten 2011 (Dokument 8:163S (2010-2011) har gitt føringar på ymse delar av rovviltforvaltinga, mellom anna skadefelling av jerv. Forliket er tydeleg på at det skal vere ei låg terskel for skadefelling i prioriterte beiteområde, også innanfor lisensfellingsperioden.

#### *Fylkesmannen si vurdering*

Vi har mottatt oversikt over økonomisk forbruk for den fellingsperioden som no er avslutta. Det syner utgifter eit godt stykke utover dei midlane som Fylkesmannen har gitt lovnad om. Fellingslaget ber om at ramma blir auka for å kunne intensivere innsatsen.

Brev frå Miljøverndepartementet av 15.09.2011 gjev føringar for korleis skadefellingslag skal godtgjera etter rovviltforskrifta §§9 og 9a. Der er det mellom anna sagt at direkte utgifter skal avgrensast til kr 15 000,- pr fellingsforsøk.

Vi gjer og merksam på at alle utgifter til fellingsforsøk skal belastast ei total ramme på om lag 1 mill. for heile region 1. Denne ramma skal i tillegg dekke førebyggande og konfliktdempande tiltak og akutte tiltak i alle dei 4 aktuelle fylka i 2013, i tillegg til driftsutgifter for rovviltnemnda. Nemnda vedtar prioritering av årleg budsjett i mars 2013.

Etter naturmangfaldlova §5 skal artar og det genetiske mangfaldet takast vare på på lang sikt, og at artane førekjem i levedyktige bestand i sine naturlege leveområde. På Norsk raudliste (Artsdatabanken 2010) er jerven karakterisert som EN (sterkt trua). Andre viktige

samfunnsinteresser speler likevel ei avgjerande rolle for kor store rovviltbestandane i Noreg får lov til å bli. Rovviftforskrifta fastsett nasjonalt mål om 39 årlege ynglingar av jerv, fordelt på fleire regionar, men ikkje i region 1. Gjennomsnittleg siste tre år er det registrert 64 ynglingar i landet, inkludert dei kulla som er tatt ut av SNO. Den sørvestlege delbestanden er likevel liten, og har lite rekruttering og immigrasjon frå aust.

Naturmangfaldloven §7 slår fast at all utøving av offentleg mynde som vedkjem naturmangfaldet skal først vurderast etter prinsippa i samme lov §§8 – 12.

Kunnskapsgrunnlaget, jf §8, er svært godt når det gjeld jerv, jf nasjonalt overvakingsprogram. DNA og anna observasjonar tydar på at det er ein hannjerv som held til i desse områda. Ein kan ikkje utelukke andre jervar, men heirområdet er langt frå kjerneområda aust og nord for Sogn. Føre-var-prinsippet (§9) er lite relevant i dette høvet. Overvakingsprogrammet gjev og ei god oversikt over samla belastning (§10) for jervbestanden. Etter vår vurdering vil ikkje uttak av ein jerv her kunne gje ei belastning på jervbestanden som går ut over forvaltingsmålet i naturmangfaldlova §5. §10 er ikkje relevant i dette høvet: Kostnadane ved fellingsforsøket er regulert av rovviftforskrifta §9a.

§12 sett krav til å nytte miljøforsvarlege teknikker og metodar ut frå eit best mogleg resultat for samfunnet. I dette høvet er det planlagt å nytte åte på ulike plassar i fjellet, og bruk av snøskuter vil vere naudsint for utplassering, tilsyn og frakt av jegerar. Styret for landskapsverneområda har mellom anna ansvar for omsynet til villrein i området. Tilsvarande har Fylkesmannen ansvar for å vurdere opplegget for fellingsforsøket med tanke på minst mogleg negativ effekt på villrein, samstundes som at fellingsforsøket skal kunne innrettast mest mogleg effektivt. Vi vil difor understreke at motorferdsle berre skal følgje inntekna trasear på kart, og berre nyttast til frakt av personell og utstyr til åteplassane.

Heile området er viktig som beitemark for sau, og vi vurderer skadepotensialet som stort. Både fordi det er mye sau i området, men og fordi røynsla tilseier at jerven vil bli verande over vinteren. Det er ikkje pr i dag realistisk å vurdere andre førebyggande tiltak.

#### Vedtak

*Med heimel i naturmangfaldlova §18 bokstav b og §77, jfforskrift om forvaltning av rovvilt §9, gjev Fylkesmannen i Rogaland løyve til skadefelling av 1 jerv til Rogaland sau og geit. Løyvet gjeld i Suldal og Hjelmeland kommunar, frå og med 1.februar 2013 til og med 15. februar 2013. Fellinga skal utførast av etablert skadefellingslag i regi av Utmarksavdelinga til Vestskog/Sogn og Fjordane skogeigarlag.*

#### Desse vilkåra gjeld:

1. Fellingsforsøket skal i grove trekk gjennomførast i samsvar med plan frå fellingslaget. Det kan maksimalt nyttast 5 åter, som skal plasserast ved angitt plass på kart. Kjøring med snøskuter skal vere i samsvar med løyve frå rette styresmakt og elles avgrensast til eit minimum. Kjøring skal berre vere knytt til transportoppgåver og følgje avmerka trase på kart oversend frå fellingslaget.
2. Fylkesmannen kan når som helst trekke tilbake løyvet dersom ny kunnskap tilseier det. Dersom jerv blir felt i lisensfelling i samme område vil løyvet automatisk bli trukke tilbake.
3. Vi føreset at fellingsleiar tar kontakt med SNO for vegleiing og praktisk informasjon.
4. Alle deltakarar i fellingslaget skal vere registrerte lisensjegerar på jerv i Jegerregisteret. Alle deltakarar som skal nytte rifle i fellingsforsøket skal ha bestått skyteprøve for storviltjegerar seinast

i 2012. Fellingsleiar har ansvar for at alle deltakarar er kjende med vilkåra for fellingsløyvet. Deltakarar i skadefelling kan ikkje delta i lisensfelling på jerv i skadefellingsperioden.

5. Det skal berre nyttast våpen og ammunisjon som er i samsvar med krav til jakt på jerv, jf forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, fangst og felling. Vi gjer merksam på at felling skal utførast etisk forsvarleg i samsvar med viltlova §19.

6. Forsøk på felling og felling av jerv skal utan opphold meldast til kommunen, SNO, politi og Fylkesmannen. Fellingsstad skal rapporterast. Fylkesmannen sitt telefonnummer er 51568914 eller 90778668. Fylkesmannen tar stilling til eventuelt ettersøk ved forsøk på felling og skadefelling, jf forskrift om utøving av jakt, felling og fangst §26. Fellingslaget har plikt til å delta i ettersøk utan vederlag.

7. Felt jerv er viltfondet sin eide dom. Jeger skal framvise felt dyr for SNO for umiddelbar kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale.

8. Felling og forsøk på felling i samsvar med dette løyvet er ikkje avhengig av grunneigar sin jaktrett, jf viltlova §35.

9. Fylkesmannen dekker ikke direkte og dokumenterte utgifter utover det som blei bestemt for tidlegare fellingsperiode, jf brev av 17.01.2013.

10. Deltakarar i fellingslaget har krav på godtgjering på samme vis som kommunale fellingslag jf rovviltsforskrifta §9a. Brev frå MD av 15.09.2011 sett føringar for praktisering av §9a. Døgnsatsen pr jeger er maksimalt kr 1400,-. Dette gjeld for døgn der jegeren har vore aktiv i forsøk på skadefelling. Dersom jegeren berre har vore aktiv kort tid av døgnet, bør satsen justerast ned. Fylkesmannen satt ei ramme på kr 50 000,- som kunne nyttast til godtgjering, feriepengar og arbeidsgivaravgift i første fellingsperiode.

Kvar deltar skal føre timeliste og logg over kjøring med snøskuter og bil, og sende det til fellingsleiar. Fellingsleiar har ansvar for å sende inn kjøreloggar og dokumentasjon på krav om godtgjering innan 2 veker etter fellingsperioden er slutt til Fylkesmannen. Det er ikkje pårekneleg at alle utgiftar til fellingsforsøket blir dekt av Fylkesmannen.

Fellingsleiar har ansvar for at fellinga blir utført innanfor budsjettet for godtgjering. Eventuelle ekstraordinære behov for auke i budsjettet må avklarast på førehand med Fylkesmannen.

#### *Klage*

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker til Direktoratet for naturforvaltning etter forvaltingslova sine reglar. Klagen sendast om Fylkesmannen i Rogaland.

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Anders T. Braa  
viltforvalter

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Anders T. Braa  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 14  
E-post: fmroatb@fylkesmannen.no

Kopi pr epost:

Direktoratet for naturforvaltning (via Sharepoint)  
Fellingslaget v/Arve Aarhus [aarh@online.no](mailto:aarh@online.no)  
Setesdal vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde v/Alf Odden [alf.odd@fylkesmannen.no](mailto:alf.odd@fylkesmannen.no)  
Statens naturoppsyn v/Jon Erling Skåtan [jon-erling.skatan@dirnat.no](mailto:jon-erling.skatan@dirnat.no)  
Statens naturoppsyn v/Reidar Sandal [reidarjohan.sandal@dirnat.no](mailto:reidarjohan.sandal@dirnat.no)  
Hjelmeland kommune [postmottak@hjelmeland.kommune.no](mailto:postmottak@hjelmeland.kommune.no)  
Rogaland politidistrikt [post.rogaland@politiet.no](mailto:post.rogaland@politiet.no)  
Suldal kommune [postmottak@suldal.kommune.no](mailto:postmottak@suldal.kommune.no)  
Haugaland og Sunnhordland politidistrikt [post.hs@politiet.no](mailto:post.hs@politiet.no)  
Rogaland Bondelag [rogaland@bondelaget.no](mailto:rogaland@bondelaget.no)  
Rogaland jeger – og fisker forbund [rogaland@njff.org](mailto:rogaland@njff.org)  
Naturvernforbundet i Rogaland [rogaland@naturvern.no](mailto:rogaland@naturvern.no)  
Rovviltnemnda i region 1  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane [fmsfhM@fylkesmannen.no](mailto:fmsfhM@fylkesmannen.no)  
Fylkesmannen i Hordaland [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)  
Fylkesmannen i Vest-Agder [postmottak@fmva.no](mailto:postmottak@fmva.no)  
Fylkesmannen i Aust-Agder [fmaapko@fylkesmannen.no](mailto:fmaapko@fylkesmannen.no)